



GUDBRANDSDALEN

slåttespel frå Lesja, Dovre og Sel



SLÅTTESEL PÅ LESJA, DOVRE OG SEL

SLÅTTEMUSIKK I LESJA

Det har vore ei vanleg oppfatning i folkemusikk-miljøet at på Lesja er det lite slåttemusikk på fele å finne, og slik har det vore i fleire generasjonar. Den vesentlege årsaka til det skal vera at Hauge-rørsla stod sterkt i bygda, og mange i dette pietistiske miljøet såg skakt på felespel og dans. Felespel med tradisjonsgrunnlag på Lesja har vi ikkje funne i arkiv i NRK og Norsk folkemusikksamling, men derimot står den vokale folkemusikken og spel på torader sterkare. Likevel er dette langt frå heile sanninga. Sigrid Svanborg og Paul Gunnar Lien spelar fele, og frå tidlegare har vi opplysning om at Syver Kvam (død 1953) var gjæv og etterspurt dansespelemann. Han hadde eit stort repertoar, og han kunne låte springleik ei heil natt utan å spele om att same slåttene. Ola reiste til sonen sin i Amerika og fekk arbeid her. Han var ein ustabil arbeidskar, men musikken og humøret sitt vart han kjent for. Ola kom attende til Dovre ved hundreårskiftet etter om lag 10 år i Amerika. Og i heimbygda heldt han fram med å gle folk med fele og musikken sin. Mange i Dovre lærte felespel av Ola, og ettermålet seier at utan «Gamel-Båstin» ville mykje av folkemusikken i Dovre vore gløymt. Ola var «Fel-Jakup» i Dovre. Etter Ola A. Båstoløkken voks det fram mange og dyktige felespelarar i Dovre. Tor Wigenstad nemner bl.a. Hans Tårud (1840–1914), Ola Skrugstad (1860–1941), Jakob Hageløkken Arnekleiv (1866–1931) og Sivert Rykhus (1886–1969).

FOLKEMUSIKKEN I DOVRE

I heftet *Spellmenn og folkemusikk i Dovre* (1983) skriv Tor Wigenstad om spelemenn i Dovre. Tor fortel om eit rikt folkemusikkmiljø i Dovre med mange spelemenn heilt attende til 1700-talet. Vi høyrer om to forpaktarspelemenn i Dovre og Lesja på 1700-talet: Bersvend Jacobsen Klukstad (1733–1761) og Pål Øyom (1828–1914) Bersvend var son til den kjende treskjeraren Jakob Bersvendsen Klukstad. Pål Øyom var den siste forpaktarspelemannen, og i folketellinga frå 1865 er han opptført som Musikand. Ein forpaktarspelemann, vart også kalla Musicus, hadde retten til speleoppdrag i sitt område. Dei var også læremeisterar for andre og yngre spelemenn. Pål Øyom arbeidde ein del på Hjerkin Fjellstue, og når han var lei av arbeidet, gjekk han inn og spelte for turistane. Pål var kjend med Fel-Jakup (1821–1876) i Lom og Skjåk. Dei kunne spele i fleire dagar, og ein gong reiste dei i lag til Romsdalsmarknaden. Det er ikkje så mange slåttar i dag som refererer til Pål, men det er naturleg at musikken hans levde vidare, ikkje minst gjennom Ola A. Båstoløkken i Dovre.

Ole Nestgard (1804–1885), kalla «Nestgar'n» i daglegtale, var både god spelemann og handverkar. I 1833 gifta han seg med Kari Hansdotter Skjedsvoll i Vågå, flytte hit og vart gardbrukar. Ola laga fleire leikar bl.a. valsen som ber namnet hans, «Nestgard'n», og ein bruremarsj.

Ola A. Båstoløkken (1831–1907), «Gamel-Båstin» som han vart kalla på sine eldre dagar, var kanskje den viktigaste spelemannen og tradisjonsberaren i Dovre. I unge år fekk han seg arbeid i Skjåk for å kunne lære av og spele saman med Fel-Jakup. Han hadde eit glansfullt spel og svært god dansetakt. Det vart lystig i dansen når han spelte, og derfor var Ola ein gjæv og etterspurt dansespelemann. Han hadde eit stort repertoar, og han kunne låte springleik ei heil natt utan å spele om att same slåttene. Ola reiste til sonen sin i Amerika og fekk arbeid her. Han var ein ustabil arbeidskar, men musikken og humøret sitt vart han kjent for. Ola kom attende til Dovre ved hundreårskiftet etter om lag 10 år i Amerika. Og i heimbygda heldt han fram med å gle folk med fele og musikken sin. Mange i Dovre lærte felespel av Ola, og ettermålet seier at utan «Gamel-Båstin» ville mykje av folkemusikken i Dovre vore gløymt. Ola var «Fel-Jakup» i Dovre. Etter Ola A. Båstoløkken voks det fram mange og dyktige felespelarar i Dovre. Tor Wigenstad nemner bl.a. Hans Tårud (1840–1914), Ola Skrugstad (1860–1941), Jakob Hageløkken Arnekleiv (1866–1931) og Sivert Rykhus (1886–1969).

Ein ruvande musiker i Dovre-miljøet var Ole Hjellemo (1873–1938). Han lærte tidleg å spela fele og spelte i mange gjestebod i Dovre og i grannebygdene. I tjuårsalderen reiste han til Kristiania, som hovudstaden heitte den gongen, der han studerte fiolin og komposisjon. Han lærte elles å spele messinginstrument, tok brigadeinstruktørs eksamen i 1902 og var musikkøyntnant i Fæstningsartilleriet. Ole var fiolinist i Opéra Comique og Musikforeningen, og var også innom Nationaltheatrets orkester. I 13 år, frå 1919 til 1932, var han lærar ved Musikkonservatoriet i Oslo i fiolin, komposisjon og harmonilære. Ole la også ned mykje arbeid i heimbygda. Om somrane leia han Dovre musikkforening og Dombås musikkforening, samt at han arrangerte for Andgardskvartetten og andre musikkgrupper. Men han gløymde ikkje slåttelærdomen frå ungdomstida. Med sitt dyktige felespel dyrka



Dovre før i tida

FOTOGRAF: HANS JORAMO

han dei gamle slåttene og tradisjonen rundt dei som han i ungdomen lærte av Ola A. Båstoløkken, Hans Vineshaugen (1831–1909) og andre spelemenn i området. Han skreiv ned slåttar han lærte i heimbygda, og tok på denne måten vare på folkemusikk i Dovre. Ein del av komposisjonane hans er òg inspirert av folkemusikk.

Utover på 1900-talet var det to nye spelemenn som vart viktige for musikken i Dovre: Pål Andgard og Tor Wigenstad.

SLÅTTEMUSIKK PÅ SEL

Sel kommune i dag omfattar au Heidal, og fram til 1908 var dette området anneks under Vågå kommune. Her har det sjølvstøtt vore mykje kontakt og kommunikasjon, noko som viser seg både i talemål og folkemusikk. Eit uttrykk for dette er dei utvalde spelemennene på CD-en, som båe hadde nær slekt i Vågå. Den fyrste forteljinga om folkemusikk i dette området er segna om slaget i Kringen i 1612, der det skulle vera ein musikalsk dialog mellom Pillar-Guri på prillarhorn og skotske leigesoldatar på sekkepøpe. I bygdene i Nord- og Midtdalen, ja au andre stader som i Hallingdal, er det tradisjonsmusikk sett i samband med denne hendinga. Om Pillar-Guri er mytisk eller historisk, kanskje helst båe delar, er eit spørsmål historikarar ikkje er samde om. Truleg er desse slåttene såkalla sekundærtradisjon, altså lagde til hendinga seinare.

Blind-Marit blir nemnt i tradisjonen både på Sel, i Vågå og Dovre i samband med nokre slåttar, mellom dei Riksbanken. Ho var frå Nord-Sel og var fødd på 1780-talet. Ho skulle vera god til å låte. Ho lét på mange gjestebod og ståk både på Sel og i Vågå, og elles for ho rundt i ymse heimar. Alltid hadde ho med seg fele, og velkomen var ho. Storspelemannen Hans Arnesen Vineshaugen (1831–1909) var frå Heidal, men budde storparten av livet sitt på Sel. Han spelte både gammal slåttemusikk og nyare, meir klassisk prega storgardsmusikk, og ei tid gjekk han i lære hos Lars Hollo (1826–1902) på Hamar og spelte i orkesteret hans. Han var au ein del i hop med Anders Sørensen (1821–1896). Hans var f. eks. den fyrste læremeisteren til Ole Hjellemo på Dovre. Brørne Torger (1864–1941) og Iver Olstad (1869–1945) var gode spelemenn og difor sentrale i slåttetradisjonen på Sel. Torger var god i notar, og i 1924 selde han garden og begynte å skrive ned folkemusikk på notar i stor stil. Det meste var slik han hugsau Hans Vineshaugen lét. I seinare tid har vi Haugstulen-brørne, Hølmo-karane og Syver Nysæter (1897–1989), for å nemne nokre sentrale. Syver lærde mellom anna mykje av spelemenn på Lalm og i Sjørdalen i Vågå og har nok au laga ein del runddansmusikk. Tore Jørgen Rødølen (f. 1948) har lært mykje av han og vidarefører elles tradisjon frå dei andre nemnde spelemennene.

SPELEMENNENE



FOTOGRAF: UKJENT, UTLÅNT AV OLA TOWMO

Tannlege Magne Bø spelar for ein pasient, 1968



FOTOGRAF: UKJENT, UTLÅNT AV OLA TOWMO

Pål Andgard



FOTOGRAF UKJENT, UTLÅNT AV TORIL ØVERLI

Asbjørn og Mathias Øverli frå Lesja

Magne Bø (1924–2005)

Magne Bø født på Stugufloften vest i Lesja var ikkje berre tannlege og spelemann. Han utdanna seg fyrst som lærar i Volda og frå 30-årsalder som tannlege. Magne Bø var litt av ein tusenkunstnar og vart også kjent som ein framifrå dikttopplesar. Som spelemann fylte Magne Bø fleire roller, mellom anna som leiar i Dovre Spellmannslag i 20 år frå 1963 og seinare i Otta Spelemannslag. Han leia også «Storlaget» med spelemenn frå heile Gudbrandsdalen som fekk oppgåver framfor OL på Lillehammer i 1994. Magne Bø var ein god dansespelemannen og var med i Dovrekvintetten og i Ulens kvintett i fleire år. Ikkje minst er han kjent som ein framifrå arrangør og komponist. Mange fekk også lære pedagogen å kjenne, der han med sitt logne og rolege vesen la vekt på teknikk og musikalitet.

Magne Bø deltok ein del på kappleikar frå 1960 og utover, og han vann landskappleiken på Røros i 1970. På den andre sida tileigna han seg klassisk fiolinteknikk, og han var sjølv lærer i harmonilære. Han laga melodiose stemmer utan at dei mista særpreget i uttrykket. Han sa at desse stemmene skulle vera «spelbare», og på den måten fornya han samspeltradisjonen i Gudbrandsdalen. Komposisjonane hans er mykje brukt i dag, mellom anna valsen «Spelemannsminner», «Fant-Karl-minne», «Selsbrure» og andre.

Asbjørn Øverli (1922–1986)

Asbjørn var frå Lesjaskog og var ein av i alt sju sysken. Han arva fela etter og lærde spel av faren, Mathias Øverli. Med Asbjørn fekk vi private kassettopptak frå rundt 1980, i alt rundt 20 slåttar, og slektskapen med slåttspel i Lom og Skjåk og elles i Follidalen er tydeleg. Nokre av desse felleleikane kan vera heller like, medan mange har ei særeigen Lesja-form slik Asbjørn lærde dei av faren. Spelkvaliteten er au framifrå, for Asbjørn spelte mykje, men berre heime. Han var ikkje ute på speling. Han var smålåten og samstundes var nok etterspørselen etter felemusikk minkande. Asbjørn hadde fast rutine med speling etter middagen, faktisk kvar dag. Også same dagen som han brått døydde. Asbjørn busette seg i Asker i 1955 og arbeidde der som meierist. Ved sida av fela var fjellturar og fiske hans store interesse, og i alle feriane var han og familien på Lesjaskog der han kunne dyrke desse friluftsinteressene. Dottera Toril spelar fele, både folkemusikk og klassisk, og bestemor til Sigrid Svanborg, Borghild Holsbrekken, er systor til Asbjørn Øverli. Her har vi faktisk fire generasjonar med spelemenn i Øverli-slekta på Lesja.

Pål Andgard (1901–1984)

Pål var ein tradisjonell folkemusikar og spelemann, og var rekna som den beste spelemannen i Dovre i si tid. Pål og brørne, Sivert (1897–1990) og Ola (1905–1982) syntle tidleg musikalske evner, og dei tok til med munnspel og toradar. 17 år gamal kjøpte Pål seg fele, og i det aktive miljøet i Dovre den gongen vart Pål snart ein dyktig spelemann. Johan Skomakarstugun var gardskar på Andgard, og han vart såleis ein naturleg lærermeister for Pål. Men det var nok Ole Hjellemo som lærte Pål mest. Hjellemo var meste kvar sommar i Dovre og da dreiv han feleopplæring. Difor grodde det godt i folkemusikken i Dovre denne tida.

Pål kunne ikkje notar, men hadde god teknikk og meistra posisjonsspel. Pål var kjent for framdrifta og stor klang i spelet sitt, fela lét vakkert når han strauk med bogen. Han hadde eit stort repertoar, og Tor Wigenstad skreiv ned mykje etter han. Pål var med i Dovre Spellmannslag frå starten og var ei god kjelde for laget. Saman med brørne Sivert og Ola og Helmer Stordal (1905–1993) spelte han i Andgardskvartetten. Ole Hjellemo arrangerte for kvartetten. Frå 1920-talet og ut i 1930-åra var Andgardskvartetten den mest brukte musikken i Dovre, både til underhaldning og dans. Dei hadde eit allsidig repertoar med lokale leikar, storgardsmusikk frå flatbygdene og jamvel klassiske stykke.

Tor Wigenstad (1911–2003)

Tor lærte å spele fele i 12-årsalderen. Etter kvart lærte han seg å spele på fleire instrument, og han spelte tuba både i Gardemusikken og hornmusikken i Dovre. Tor var glad i både folkemusikk og klassisk musikk, men det var innan folkemusikken han la ned det største arbeidet. Han var ein dyktig spelemann, og spelte inn mange leikar i NRK. Tor deltok på ein del kappleikar på 1950-talet, og av og til hadde han dommaroppdrag.

Han lærte tidleg noter, og han samla og noterte ned folkemusikk mest heile livet. Det vart til slutt ei samling på over 600 gamle leikar og folketonar. Han tok også opp ei mengd slåttar på lydband på oppdrag frå daverande Norsk Folkemusikk institutt. Sjølv tykte han at samlararbeidet var det viktigaste han gjorde for folkemusikken. Tor var med i Dovre Spellmannslag i mange år, og i yngre år spelte han blant anna i fleire strykekvartetter. Aller best likte han å spele 2. fele «for det er da ein lagar musikken», som han sa. Nemnast må også Asmund Høie (1905–1979) og Helmer Stordal (1905–1993). Asmund Høie var med og starta Dovre Spellmannslag i 1963 og spelte bratsj i laget. I 1927 starta han Skeivoll strykekvartett og var leiar her i mange år. Asmund gjorde eit godt arbeid for folkemusikken i Dovre. Helmer Stordal spelte 2. fele i Andgardskvartetten og likeins i Dovre Spellmannslag. Han var ein god spelemann med reint og klangfullt spel.

Oskar Hølmo (1919–2012)

Oskar var den yngste av seks søsken og hadde fire brør som spelte fele: Sigurd, Per, Jon og Kristian. Faren Ola var frå Vågå, og gjennom farslekta var han skyld mange spelemenn i Vågå, til dømes spelemenn med etternamnet Visdal, Odnes og Gården. Han byrja å spele fele i tiårsalderen og var aktiv til han var gammal. Han deltok på kappleik over 90 år gammal. Fyrste kappleiken hans var på Glåmos i 1956, og sidan var han jamn til å stille opp både på landskappleikar og distriktskappleikar. Oskar hadde ulike yrke, men mest var han gardbrukar og skiferarbeidar. Oskar hadde lun humor med sans for gode replikkar og var ein fin formidlar av folkemusikk. På landskappleiken i Vågå i 2002 vart han spurd om han ville stå eller sitja på scena når han skulle spela til tevling. «E ha helst vilja liggi», var svaret. Same året som han gjekk bort, var det landskappleik på Otta. Oskar var innom kappleiken sitjande i rullestol med oksygenflaske i ryggsekken, og mange var det som kom og helsa på han og spurde korleis det stod til: «Å, det er nå ikkje som det var før da, ser du. Ikkje har eg med meg fela og ikkje har eg med meg brennevin!»

Ragnar Haugstulen (1922–2016)

Ragnar var yngst av sju sysken og spelte ein del saman med broren Oskar. Båe var med i Otta Spelemannslag frå starten i 1956 og vart æresmedlemmer i laget. Laget brukte også aktivt leikar Ragnar komponerte. Ragnar lærde av ulike spelemenn på Otta og Sel, og særleg vart tremeningane «Hølmo-karein» viktige for han. Under krigen budde han hos bestemora på prestegarden i Vågå og lærde såleis au av spelemenn her. Heile tida var han ein speleglad og aktiv spelemann både i spelemannlaget og som solospelemann på mellom anna kappleikar. Han hadde godt lag med barn og ungdom og vart lærermeister for fleire. Elles var han flink med notar og skreiv ned ein del slåttar. Yrket hans var snikkar. Dansespeing vart det au. Rett etter krigen spelte han, broren Oskar og Oskar Hølmo på ein fest i prestegarden i Vågå, og laget vart så lystig at til og med presten dansa. Elles hadde han interesse for hardingfelemusikk og klassisk musikk.

/Rolv Brimi, Ola Grøslund og Rasmus Stauri



Tor Wigenstad



Oskar Hølmo



Ragnar Haugstulen

FOTOGRAF: UKJENT, UTLÅNT AV SIMEN WIGENSTAD

FOTOGRAF: UKJENT, UTLÅNT AV ODD JAN HØLMO

FOTOGRAF: UKJENT, UTLÅNT AV KARI LETRUD HOFF

SLÅTTEOMTALE

MAGNE BØ

01. Svartbaker'n, vals

Denne er ein gammal vals spelt i fleire distrikt. Anders Sørensen (1822–1896) spelte denne under tittelen «Tyroler». Magne lærde denne valsen av Pål Andgard og Helmer Stordal.

02. Dovrebrure, marsj av Magne Bø

Marsjen vart tileigna Dovre Spellmannslag, der Magne Bø var leiar frå 1963–1973 og 1982–1989.

03. Rondastakken, springleik av Magne Bø

Magne komponerte fleire slåttar som er mykje brukt. Denne er laga til ein feleleiv, Marit Rusten, frå Heidal.

04. Vals

Denne er ein typisk «Fant-Karl-vals».

05. Springleik

Springleik i F- dur. Denne er ein tiorhælleik (bas i F). Leiken er spelt i Ottadalen i fleire former.

06. Vals etter Fant-Karl

«Fant-Karl» eller «Karl-Fant», som det også blir sagt, er godt kjent i norsk spelemannstradisjon. Karl Johansen Rosenberg levde mellom 1775 og 1855 utan at dette er heilt sikre årstal. Det er ei mengd gode rundvalsar etter han.

07. Magne Bø annonserer Annkleivshallingen

08. Annkleivshallingen

Også spelt som skotsk/galopp.

09. Vals

Denne er ein vandreleik som finst i fleire former i Ottadalen. Magne vann fele klasse A på Landskappleiken 1970 på Røros med denne valsen. Lært av Sylfest Bø, far til Magne. Han kom frå Vågå.

ASBJØRN ØVERLI

10. Springleik

Leiken er kjent i Folldalen og i Lom, særleg andre veket finn ein i fleire distrikt.

11. Vals

Eit lite brukt vals i dag.

12. Reinlender

Motiva i denne leiken finst blant anna i Ottadalen og i Sverige.

13. Springleik

Springleik i a-moll.

14. Vals

Lite kjent valseform.

15. Springleik

Denne er kjent i Ottadalen som «Kristen Nakje».

16. Reinlender

Kjent og brukt mellom anna på Fron.

PÅL ANDGARD

17. Vals etter Fant-Karl

18. Springleik

Leiken blir spelt «groft og grant» og har vore mykje brukt på Lalm.

19. Springleik etter Johan Skomakerstugun

Johan Skomakerstugun (1881–1949) var frå Dovre. Han spelte ein del til dans i samkome og var notekunnig. Fleire slåttar i Dovre er brukt etter Johan Skomakerstugun i dag. Motiva i slåttene er kjent i Vestre Slidre.

20. Masurka etter Johan Skomakerstugun

21. Reinlender

Leiken er brukt i heile Gudbrandsdalen.

22. Springleik lært av Johan Skredderstugun

Johan Skredderstugun (1874–1951) lærte spel og slåttar av Ola A. Båstoløkken. Johan spelte mykje til dans i Dovre og Sel og var kjent for den gode dansetakta si. Han lærte også mykje av Hans Vineshaugen.

23. Prillar-Guri-halling

Dei to siste slåttane med Pål Andgard er knytt til segnene om slaget i Kringen, 1612. Pål lærte denne slåttene av Ole Hjellemo.

24. Sinklarmarsjen etter Ole Hjellemo

Denne leiken vart brukt under opningsseremonien på OL på Lillehammer i 1994.

TOR WIGENSTAD

25. **Springleik etter Gamel-Båstin**

Lite brukt springleik. Sjå elles omtale av «Gamel-Båstin».

26. **17. mai-valsens etter Gamel-Båstin**

27. **Springleik**

28. **Reinlender frå Folldal**

Under krigen budde Tor Wigénstad nokre år i Folldal. Her spelte han saman med spelemenn frå området, mellom andre Thorvald Trønggård (1892–1986).

29. **Fantkjerringvalsens**

Andre valsar i Gudbrandsdalen har au dette namnet.

30. **Bruremarsj frå Dovre**

I *Slåtter for vanlig fele* er marsjen kalla «Grautmarsj». Han vart spelt når grauten vart bore inn i gjestebodet. Slåtten vart brukt av Skrugstad-spelemennene, elles ikkje av så mange andre i Dovre. I *Folkemusikk fra Gudbrandsdalen* (O.M. Sandvik, 1919) blir slåtten kalla «Porthusleik» etter Iva Bråtå (1827–1916) frå Vågå.

31. **Masurka frå Dovre**

32. **Springleik**

Ein vandreleik med litt ulike former.

33. **Reinlender frå Folldal**

34. **Hamburger**

Ei vanleg nemning i Gudbrandsdalen elles er skotsk.

OSKAR HØLMO

35. **Vals etter Fant-Karl**

Ein av dei mest brukte valsane i Fant-Karl-tradisjon.

36. **Springleik**

Springleik med mange former og fleire namn.

37. **Springleik etter Thorvald Trønggård**

Ein av dei meste brukte springleikane i Folldalen i dag.

38. **Pål Okse'n, springleik**

39. **Springleiken has Jo**

«Snar å ta åt» blir leiken kalla på Røros, også kalla «Leiken has Jan-Magnus» i Skjåk. Ein typisk vandreleik. «Springleiken has Jo» er au eit nyare namn.



Prillar-Guri

RAGNAR HAUGSTULEN

40. **Halling**

Hallingen går under namnet «Fangjen» og er sentral i diktet «Sota» av Olav Aukrust (1883–1929).

41. **Springleik etter Hans Vineshaugen**

Eit godt døme på at slåtтар er i vandring. Denne er kjent på Røros og i Ottadalen.

42. **Springleik**

43. **Prillar-Guri-slått**

Også ein slått knytt til segnene om slaget i Kringen, 1612.

44. **Springleik**

Kjent i Ottadalen au, særleg i Vågå og Lom. Per Brenden (1886–1963) på Lalm brukte denne mykje.

45. **Galne-Vistin, springleik**

Erling Kjøk (1913–1999) frå Garmo i Lom kalla leiken for «Galne-Vistin».

46. **Blekastadhallingen**

Ludvig Mathias Lindeman (1812–1887) teikna opp slåtten frå Telemark, og hallingen har vore mykje brukt, ikkje minst på kappleik av mange spelemenn i Gudbrandsdalen.

47. **Blind-Marit, springleik**

Mykje brukt og knytt til den nemnde spelekvinnna på Sel som var fødd på 1770-talet. Ho fór rundt og spelte og vart godt imotteken. Ho var blind som namnet fortel.

OM OPPTAKA:

- Spor 01–02, 07–08:** 14.10.1988, NRK Oppland.
Produsent: Trond-Ole Haug. Teknisk ansvarleg: Stig Westre.
- Spor 03 og 43:** Distriktskappleiken 1971, Lom.
Produsent: Rolf Myklebust. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 04–05:** Landskappleiken 1968, Lillehammer.
Produsent: Rolf Myklebust og Sven Nyhus. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 06:** Landskappleiken 1966, Molde.
Produsent: Rolf Myklebust. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 09:** Landskappleiken 1970, Røros.
Produsent: Liv Greni. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 10–16:** Ca 1980, private opptak heime hos Asbjørn Øverli i Asker.
Kassettopptak utlånt av dottera Toril Øverli.
- Spor 17–24:** 27.07.1958, private opptak gjort av Tor Wigenstad
Utlånt av Norsk folkemusikksamling, Nasjonalbiblioteket.
- Spor 25–34:** 26.–27.01.1954, NRK Studio, Marienlyst.
Produsent: Rolf Myklebust. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 35:** Spellmannsstemme på Glåmos 1956. Felekappleik.
Produsent: Rolf Myklebust. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 36:** Landskappleiken 1978, Fagernes.
Produsent: Rolf Myklebust. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 37:** Landskappleiken 1990, Nordfjordeid.
NRK-team: Lisa Halvorsen, Leiv Solberg, Marit Larsen.
Teknisk ansvarleg: Egil Johan Damm, Arne Kristian Dypvik og Jørgen Ferkingstad.
- Spor 38–39:** Distriktskappleiken 1994, Oppdal.
Produsent: Lisa Halvorsen. Teknisk ansvarleg: Ola Langrød og Gunnar Dahl.
- Spor 40:** Landskappleiken 1981, Oslo.
Produsent: Sven Nyhus og Lisa Halvorsen. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 41–42:** 28.05.1958, Graffer gard, Garmo
Produsent: Rolf Myklebust. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 44:** Landskappleiken 1974, Oppdal.
Produsent: Rolf Myklebust og Hans W. Brimi. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 45:** Landskappleiken 1964, Vågå.
Produsent: Rolf Myklebust og Hans W. Brimi. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 46:** Distriktskappleiken 1978, Vågå.
Produsent: Olav Sæta. Teknikk: NRK-Musikkteknikk.
- Spor 47:** 20.05.1979, Otta.
Produsent: Sven Nyhus. Teknikarar: Odd Monge og Stig Westre.



FOTOGRAF: HANS JORAMO

TUNE PLAYING IN LESJA, DOVRE AND SEL

FIDDLE MUSIC IN LESJA

There has been a common view in the folk music milieu that there is little traditional fiddle music to be found in Lesja, and that it has been this way for several generations. The main cause of this is supposedly that the Haugean religious movement had a strong foothold in the community, and many in this pietistic milieu had a warped view of fiddle playing and dancing. We have not found fiddle music with traditional roots in Lesja in the archives at NRK and the Norwegian Collection of Folk Music, but, on the other hand, vocal folk music and diatonic button accordion music stand stronger. Nevertheless, this is far from the whole truth. Sigrid Svanborg and Paul Gunnar Lien play fiddle, and from earlier on we know that Syver Kvam (d. 1953) was a fiddler. Magne Bø was from Lesja, but played the music tradition from Dovre and Vågå. On the other hand, on the CD there are private recordings of Asbjørn Øverli from Lesjaskog, and he learned from his father, Mathias Øverli. He was born in 1866 and died in the 1950s. He was a farmer in Øverli and had fiddling and hunting as his main interests, but the fiddle occupied much of his free time. He was an active fiddler who often performed, both for dancing and otherwise. A number of the tunes from his repertoire have also been transcribed.

FOLK MUSIC IN DOVRE

In the booklet *Spellmenn og folkemusikk i Dovre* (1983), Tor Wigenstad writes about fiddlers in Dovre. Tor describes a rich folk music milieu in Dovre consisting of many fiddlers all the way back to the 1700s. He describes two subcontractor fiddlers (forpaktarspelemenn) in Dovre and Lesja during the 1700s: Bersvend Jacobsen Klukstad (1733–1761) and Pål Øyorn (1828–1914). Bersvend was the son of the well-known woodcarver Jakob Bersvendsen Klukstad. Pål Øyorn was the last subcontractor fiddler, and in the 1865 census he is listed as Musikand (musician). A subcontractor fiddler, who was also called Musicus, had the right to perform music in his/her area. They were also teachers for other, younger fiddlers. Pål Øyorn worked a fair bit at Hjerkin Fjellstue, and when he was tired of the work, he went in and played for the tourists. Pål got to know Fel-Jakup (1821–1876) in Lom and Skjåk. They sometimes played for several days, and once they traveled together to the market in Romsdal. Today,

there are not many tunes that refer to Pål, but it is natural that his music lives on, not least via Ola A. Båtstøløkken in Dovre.

Ole Nestgard (1804–1885), called “Nestgar’n” in everyday speech, was both a good fiddler and a craftsman. In 1833 he married Kari Hansdotter Skjedsvoll in Vågå, moved here, and became a farmer. Ola wrote several tunes, including the waltz that bears his name, “Nestgard’n”, and a bridal march.

Ola A. Båtstøløkken (1831–1907), “Gamel-Båstin”, as he was called in his older days, was perhaps the most important fiddler and tradition bearer in Dovre. As a young man he obtained work in Skjåk in order to be able to learn from and play with Fel-Jakup. He had a radiant playing style and very good dance rhythm. The dancing was lively when he played, and Ola was therefore an eminent and sought-after dance fiddler. He had a large repertoire, and he could play springleik tunes for an entire night without repeating the same tune. Ola traveled to visit his son in America and obtained work there. He was an unstable worker, but he was known for his music and his high spirits. Ola returned to Dovre at the turn of the century, after about 10 years in America. And in his home town he continued to delight people with his fiddle and his music. Many in Dovre learned fiddle music from Ola, and his posthumous reputation says that without “Gamel-Båstin”, much of the folk music in Dovre would have been forgotten. Ola was Dovre’s “Fel-Jakup”. After Ola A. Båtstøløkken, many skilled fiddle players sprouted up. Among others, Tor Wigenstad mentions Hans Tårud (1840–1914), Ola Skrugstad (1860–1941), Jakob Hageløkken Arnekleiv (1866–1931), and Sivert Rykhus (1886–1969).

A towering musician in the Dovre milieu was Ole Hjellemo (1873–1938). He learned to play fiddle early on and played at many banquets in Dovre and in the neighbouring communities. At the age of 20 he traveled to Kristiania, as Norway’s capital city was called at that time, where he studied violin and composition. He also learned to play brass instruments, took the brigade instructor exam in 1902, and was a music lieutenant in the Fortress Artillery. Ole was a violinist at the Opéra Comique and in Musikforeningen, and he also played in the National Theatre’s orchestra. For 13 years, from 1919 to 1932, he taught violin, composition, and harmonic theory at the Music Conservatory in Oslo. Ole also did a lot of work in his home community. During the



Ole Hjellemo and his mother, from around 1910

PHOTO: GUDBRANDSDALSMUSEA, DOMBÅS

summers he led the Dovre Music Association and the Dombås Music Association, and he also arranged music for Andgardskvartetten and other music groups. But he did not forget the tunes he had learned during his youth. With his skilled fiddle playing he cultivated the old tunes and the traditions connected to them that he had learned from Ola A. Båtstøløkken, Hans Vineshaugen (1831–1909), and other local fiddlers during his youth. He transcribed tunes he learned in his home district, and in this way he maintained the folk music in Dovre. Some of his compositions are also inspired by folk music.

Just after 1900 there were two new fiddlers who became significant for the music in Dovre: Pål Andgard and Tor Wigenstad.

FIDDLE MUSIC IN SEL

Today, Sel municipality also includes Heidal, and until 1908 this area was part of Vågå municipality. There has been a great deal of contact and communication in this area, which is apparent in both the spoken language and in the folk music. An indication of this can be seen in the selected fiddlers on the CD, who both had close family in Vågå. The first story about folk music in this area is the legend of the Battle of Kringen in 1612, during which there was a musical dialogue between Pillar-Guri on prillarhorn and Scottish mercenaries on bagpipe. Communities in northern and mid-Gudbrandsdalen, and other areas such as Hallingdal, have traditional music that is connected to this event. Whether Pillar-Guri is mystical or historical, or perhaps both, is a question histori-

ans do not agree on. These tunes probably represent so-called “secondary tradition”, and were thus attached to the event later on.

Blind-Marit is mentioned in the tradition in both Sel and Vågå in connection with some tunes, among them “Riksbanken”. She was from Nord-Sel and was born in the 1780s. She was supposedly a good player. She played at many banquets and festivities in both Sel and Vågå, and she traveled around to various homes. She always had her fiddle with her, and she was welcome. Master fiddler Hans Arnesen Vineshaugen (1831–1909) was from Heidal, but lived in Sel for most of his life. He played both old traditional music and newer, more classically-influenced storgardsmusikk, and for a time he was a student of Lars Hollo (1826–1902) in Hamar and played in his orchestra. He also spent time with Anders Sørensen (1821–1896). He was Ole Hjellemo’s first teacher. The brothers Torger (1864–1941) and Iver Olstad (1869–1945) were good fiddlers and were therefore central to the fiddle tradition in Sel. Torger was good with music notation, and in 1924 he sold his farm and began transcribing folk music on a large scale. Most of the tunes were how he remembered Hans Vineshaugen had played them. Later on, we have the Haugstulen brothers, the Hølmoss, and Syver Nysæter (1897–1989), to name a few of the central fiddlers. Syver learned a great deal from fiddlers in Lalm and in Sjørdalen in Vågå and also wrote some runddans music. Tore Jørgen Rødølen (f. 1948) learned a lot from him and also carries on traditions connected to the other fiddlers mentioned.

THE FIDDLERS

Magne Bø (1924–2005)

Magne Bø, born at Stuguflothen in the western part of Lesja, was not just a dentist and a fiddler. He was first educated as a teacher in Volda, and from the age of 30 he trained to be a dentist. Magne Bø was something of a jack of all trades and also became well-known as an excellent poetry reciter. As a fiddler, Magne Bø filled several roles, among other things as leader of Dovre Spellmannslag for 20 years starting in 1963, and later in Otta Spelemannslag. He also led the group of fiddlers from all over Gudbrandsdalen that gave performances in advance of the Olympic Games in Lillehammer in 1994. Magne Bø was a good dance fiddler and was a member of Dovrekvintetten and Ulens kvintett for several years. Not least, he is known as an excellent arranger and composer. Many also got to know him as a pedagogue, and in this role he placed emphasis on technique and musicality with his calm and quiet disposition.

Magne Bø participated in a number of kappleiks from 1960 onwards, and he won Landskappleiken in Røros in 1970. He also acquired classical violin technique, and he was self-taught in harmonic theory. He wrote melodic harmony lines without losing the distinctiveness of the music style. He said that these lines should be “playable”, and in that way he renewed the ensemble playing tradition in Gudbrandsdalen. His compositions are played a great deal today, including the waltz “Spelemannsminner”, “Fant-Karl-minne”, “Selsbrure”, and others.

Asbjørn Øverli (1922–1986)

Asbjørn was from Lesjaskog and was one of seven siblings. He learned tunes from his father, Mathias Øverli, and inherited his father's fiddle. Asbjørn made private cassette recordings in around 1980, in all around 20 tunes, and on these recordings the connection between fiddle music in Lom, Skjåk, and Follidalen is clear. Some of these common tunes can be fairly similar, while many have a characteristic Lesja form in the way Asbjørn learned them from his father. The quality of the playing is also excellent, as Asbjørn played a great deal, but only at home. He did not perform outside of his home. He was modest, and at the same time, the demand for fiddle music was probably decreasing. Asbjørn had a

regular routine of playing after dinner, every day, in fact. He also played on the same day that he suddenly died. Asbjørn settled in Asker in 1955 and worked there as a dairyman. Aside from the fiddle, hiking and fishing were his greatest interests, and during all of his holidays he and his family were in Lesjaskog, where he could cultivate these outdoor interests. His daughter Toril plays fiddle, both folk music and classical, and Sigrid Svanborg's grandmother, Borghild Holsbrekken, is Asbjørn Øverli's sister. There are, in fact, four generations of fiddlers in the Øverli family in Lesja.

Pål Andgard (1901–1984)

Pål was a traditional folk musician and fiddler, and was considered to be the best fiddler in Dovre of his time. Pål and his brothers, Sivert (1897–1990) and Ola (1905–1982), displayed musical ability early on, and they began playing harmonica and button accordion. When he was 17 years old Pål bought himself a fiddle, and in the active milieu in Dovre at that time, Pål soon became a good fiddler. Johan Skomakarstugun was a farm hand on the Andgard farm, and he was therefore a natural teacher for Pål. But it was probably Ole Hjellemo who taught Pål the most. Hjellemo was in Dovre almost every summer and taught fiddle. Folk music therefore flourished in Dovre during this time.

Pål couldn't read music, but he had good technique and mastered shifting positions. Pål was known for the drive and large sound in his playing, the fiddle sounded beautiful when he bowed the strings. He had a large repertoire, and Tor Wigestad transcribed a number of tunes after his playing. Pål was a member of the fiddlers' association Dovre Spellmannslag from the group's beginnings and was a good source of music for the group. He played in the quartet Andgardskvartetten with his brothers Sivert and Ola, as well as Helmer Stordal (1905–1993). Ole Hjellemo wrote arrangements for the quartet. From the 1920s to the 1930s, Andgardskvartetten was the most in-demand music group in Dovre, for both entertainment and dancing. They had a comprehensive repertoire consisting of local tunes, storgardsmusikk (ensemble music that was played on large farm estates) from the rural communities in the flat country, and even classical pieces.

Tor Wigestad (1911–2003)

Tor learned to play fiddle at the age of 12. He gradually learned to play several instruments, and he played tuba in both the army band and the brass band in Dovre. Tor was fond of both folk music and classical music, but it was within folk music that he contributed the greatest amount of work. He was a skilled fiddler, and recorded many tunes for NRK (the Norwegian state-owned public broadcasting company). Tor participated in a number of kappleiks during the 1950s, and he sometimes served as a judge.

He learned to read music early on, and he collected and transcribed folk music for most of his life. His collection consisted of over 600 old tunes and folk songs. He also made reel-to-reel recordings of a number of tunes for the Norwegian Folk Music Institute. He thought that his work collecting music was the most important thing he did for folk music. Tor was a member of Dovre Spellmannslag for many years, and in his younger years he played in several string quartets. He liked to play second fiddle the very best, “because it's there that you make the music,” as he said. Asmund Høie (1905–1979) and Helmer Stordal (1905–1993) should also be mentioned. Asmund Høie was one of the founders of Dovre Spellmannslag in 1963 and played viola in the group. In 1927 he started the Skeivoll string quartet and was the leader of the group for many years. Asmund did good work for folk music in Dovre. Helmer Stordal played second fiddle in Andgardskvartetten and in Dovre Spellmannslag. He was a good fiddler with clean and resonant playing.

Oskar Hølmo (1919–2012)

Oskar was the youngest of six siblings, and he had four brothers who played fiddle: Sigurd, Per, Jon, and Kristian. His father Ola was from Vågå, and through his father's family he was related to many fiddlers in Vågå, including fiddlers with the last names Visdal, Odnes, and Gården. He began playing fiddle around the age of ten and remained active until he was old. He participated in a kappleik (folk music competition) when he was over 90 years old. His first kappleik was in Glåmos in 1956, and following this he turned up regularly at both national and district competitions. Oskar had different occupa-

tions, but he was mainly a farmer and a slate worker. Oskar had a pleasant sense of humour with a sense for good comebacks and was a fine performer of folk music. At Landskappleiken (the national folk music competition) in Vågå in 2002 he was asked if he wanted to stand or sit on stage when he was to play in the competition. “I would most prefer to lie down,” was his answer. In the same year that he passed away, Landskappleiken was held in Otta. Oskar dropped by the kappleik sitting in a wheelchair with a bottle of oxygen in his backpack, and there were many who came and greeted him and asked how he was doing: “Oh, it's not like it was before, you see. I don't have my fiddle with me, and I don't have liquor with me.”

Ragnar Haugstulen (1922–2016)

Ragnar was the youngest of seven siblings and played quite a bit with his brother, Oskar. Both were members of Otta Spelemannslag from the group's beginnings in 1956, and they became honorary members of the group. The group also actively played tunes that Ragnar composed. Ragnar learned from different fiddlers in Otta and Sel, and his second cousins, the “Hølmo men”, were particularly important for him. During the war he lived with his grandmother on the parsonage in Vågå and thus also learned from fiddlers here. The whole time he was an enthusiastic and active fiddler, both in the spelemannslag and as a solo fiddler at kappleiks. He had a way with children and youths and taught several. He was also good with music notation and transcribed a number of tunes. His profession was carpentry. He also played for dancing. Right after the war, he, his brother Oskar, and Oskar Hølmo played at a party at the parsonage in Vågå, and the party became so lively that even the priest danced. He was also interested in Hardanger fiddle music and classical music.

/Rolv Brimi, Ola Grøslund og Rasmus Stauri

Magne Bø, fele:

01. Svartbaker'n, vals (01:49)
02. Dovrebrure, marsj av Magne Bø (02:33)
03. Rondastakken, springleik av Magne Bø (01:40)
04. Vals (01:13)
05. Springleik (00:53)
06. Vals etter Fant-Karl (02:16)
07. Magne Bø annonserer Annkleivshallingen (00:36)
08. Annkleivshallingen (02:17)
09. Vals (01:55)

Asbjørn Øverli, fele:

10. Springleik (01:30)
11. Vals (00:59)a
12. Reinlender (01:27)
13. Springleik (01:25)
14. Vals (01:21)
15. Springleik (01:12)
16. Reinlender (01:23)

Pål Andgard, fele:

17. Vals etter Fant-Karl (01:52)
18. Springleik (02:04)
19. Springleik etter Johan Skomakerstugun (01:22)
20. Masurka etter Johan Skomakerstugun (01:56)
21. Reinlender (02:07)
22. Springleik lært av Johan Skredderstugun (02:29)
23. Prillar-Guri-halling (01:36)
24. Sinklarmarsjen etter Ole Hjellemo (02:13)

Tor Wigenstad, fele:

25. Springleik etter Gamel-Båstin (01:29)
26. 17. mai-valsens etter Gamel-Båstin (01:41)
27. Springleik (01:22)
28. Reinlender frå Folldal (01:13)
29. Fantkjerringvalsen (01:29)
30. Bruremarsj frå Dovre (01:32)
31. Masurka frå Dovre (01:16)
32. Springleik (01:32)
33. Reinlender frå Folldal (00:58)
34. Hamburger (01:49)

Oskar Hølmo, fele:

35. Vals etter Fant-Karl (01:44)
36. Springleik (01:39)
37. Springleik etter Thorvald Tronsgård (02:22)
38. Pål Oksel'n, springleik (01:44)
39. Springleiken has Jo (01:43)

Ragnar Haugstulen, fele:

40. Halling (01:28)
41. Springleik etter Hans Vineshaugen (01:22)
42. Springleik (01:07)
43. Prillar-Guri-slått (01:06)
44. Springleik (01:35)
45. Galne-Vistin, springleik (01:30)
46. Blekastadhallingen (01:28)
47. Blind-Marit, springleik (01:50)

(totaltid: 77:01)